




Stad kommune

Regional Transportplan Vestland 2022-2033

Innspel frå Stad kommune



Stad kommune visjon 2020-2032 – «Verdas beste vesle stad»

Dato: 01.03.2021

Innleiing

Stad kommune syner til innspel til RTP sendt inn frå Nordfjordrådet 18/2. Vi sluttar oss til innhaldet i denne uttalen, med vektlegging av m a følgjande tema:

- Opprusting av næringsveggar
- Skredsikring
- Gang- og sykkelstrategi for tettstader (strategi for mjuke trafikantar)
- Grøn Transport inkl. kollektivtilbod (strategi for berekraftig mobilitet)

Stad kommune sluttar seg til hovudmålet for RTP Vestland: «Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidssretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling». Vi er også nøgde med at Vestland fylkeskommune legg stor vekt på trafikktryggleik, mjuke trafikantar, klima/miljø og å ta i bruk ny teknologi i transportsektoren. Det er viktig for framtida, også frå eit distrikts-perspektiv.

Stad kommune har nyleg sett i gang arbeid med «Lokal Transportplan Stad». Her byggjer vi på same premiss som Vestland fylkeskommune: Å tenkje heilskapleg rundt samferdsle som ein integrert del av samfunnsplanlegginga. «Lokal Transportplan Stad» skal henge saman med Samfunnsdelen av kommuneplanen for Stad på same måte som RTP skal henge saman med Utviklingsplan for Vestland.

Stad kommune vil ut frå dette peike særskilt på følgjande utfordringar for vår kommune:

Næringsveggar (fylkesvegnettet)

Stad kommune meiner det er rett å prioritere auka midlar til drift, vedlikehald og opprusting av det eksisterande fylkesvegnettet, framfor store nye vegprosjekt. I intensjonsavtalen for nye Stad kommune står følgjande:

«Innanfor fylkesveggar vil dei største utfordringane i den nye kommunen vere vegnettet i og til Selje (tidl. Selje kommune). Den nye kommunen vil opp mot fylkeskommunen prioritere vegutbetring for å knyte den nye kommunen sterkare saman internt og mot nabokommunane, med Fv 620 Årsheimstranda som felles fyrsteprioritet.»

I desember 2020 vedtok Stortinget at Stad Skipstunnel skal byggjast, med byggestart allereie ved årsskiftet 2021/22. Det vil føre til endra kommunikasjonsmønster i området rundt tunnelen med sterkt aukande trafikk både i anleggsperioden og etterpå.

Realiseringa av Stad Skipstunnel gjer difor at det no hastar meir enn nokon gong å få rusta opp dei viktigaste og mest trafikerte næringsvegane i ytre del av Stad kommune. Samtidig vil opprusting av desse vegane kunne kombinerast med samfunnsmessig god bruk av masser frå tunnelarbeidet, som alternativ til at desse vert dumpa i sjødeponi.

Fv620 (Stadlandet)

Det øvst prioriterte tiltaket på fylkesvegnettet frå Stad kommune er Fv 620 Kjøde-Sandvik. Denne strekninga har mange stader svært dårleg standard og smal vegbane, med mykje tungtrafikk og aukande trafikkmengde frå år til år på grunn av stor nærings- og byggeaktivitet på Stadlandet og vekst i reiselivet.

Statens Vegvesen utarbeidde i 2017, på oppdrag frå fylkeskommunen, ei flaskehalskartlegging av Fv620 Kjøde-Sandvik som tilrår opprusting av dei fem verste flaskehalsane (til saman 2,5 km av totalt 10 km), med anslått kostnad 40 mill NOK. Dette prosjektet (flaskehalsutbetring av fem delstrekningar på Fv620) ligg også heilt oppe på 3. plass på vedteken marginalliste over mindre investeringstiltak i gjeldande RTP for Sogn og Fjordane 2018-2027, vedteken i desember 2017.

Selje kommune fekk ut frå denne utgreiinga og prosjektet si prioritering i RTP for Sogn og Fjordane, i 2018/19 utarbeidd ein detaljert plan/forprosjekt for utbetring av dei fem delstrekningane. Det er også her synt eit alternativ med ny veg på heile strekninga, med kostnadsramme 250-360 mill NOK.

Vestland fylkeskommune har på budsjettet for 2021 sett av eit mindre beløp (50.000 NOK) til å starte planlegging av utbetringar på Fv 620 Kjøde-Sandvik. **Stad kommune vil sterkt oppmode om at arbeidet med opprusting av Fv620 Kjøde-Sandvik vert forsert og prioritert, slik at tilrådde flaskehalsutbetringar blir gjennomførte i 2022/23 parallelt med arbeidet med Stad Skipstunnel.**

Fv 618 (Selje/Flatraket)

Fv 618 bind saman Selje med Rv15 på Almenningsfjellet nær Måløy, og er ein viktig nærings- og pendlarveg i ytre del av Stad kommune. Vegen har jamnt over dårleg standard og har rasutsette punkt.

Det ligg føre ei flaskehalskartlegging av Fv618 utarbeidd i 2017 av Statens Vegvesen på oppdrag frå tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune, som tilrår opprusting av dei fem verste punkta med anslått samla kostnad på 50 mill NOK. Prosjektet ligg også inne på marginallista i RTP for Sogn og Fjordane 2018-2027.

Stad kommune vil be om at arbeidet med opprusting av Fv618 blir forsert på grunn av føreståande arbeid med Stad Skipstunnel, med særleg vektlegging av å nytte tunnelmasse til å få gjennomført utbetring av Fv618 billigare og enklare. Vi syner her m a til mulig utfyllingsområde i Rundereimstranda for å breiddeutvide Fv 618.

Fv618 Kjøde-Berstad (Mannseidet)

I dag går Fv618 mellom Åheim og Selje på ein gammal, smal og svingete veg over Mannseidet, opp til 250 moh og ned att. I samband med bygginga av Stad Skipstunnel er det aktuelt for Kystverket å byggje ein eigen servicetunnel for anleggskøyretøy gjennom Mannseidet. Dersom denne kan overtakast av Vestland fylkeskommune og omklassiferast til fylkesveg etter anleggsperioden, kan det erstatte dagens Fv618 over Mannseidet, med innkorta veglengde, enklare vegvedlikehald og tryggare veg for trafikantane.

Stad kommune vil be Vestland fylkeskommune snarast avklare med Kystverket at det blir lagt til rette for at fylkeskommunen kan overta anleggstunnelen gjennom Mannseidet som ny trase for Fv 618 Kjøde-Berstad etter at anleggsarbeidet med Stad Skipstunnel er ferdigstilt.

Fv 61 Naveosen-Brubakken

Fv 61 er ein del av Kystvegen Bergen-Ålesund. På Bryggja i Stad kommune, rett nord for Rv15, gjenstår ein 1300 meter lang flaskehals på Fv61 som ikkje er utbetra. Denne strekninga er no også blitt ein viktig sambindingsveg i nye Stad kommune, og er skuleveg for born som går/syklar til Bryggja skule.

Reguleringsplan for utbetring av strekninga vart utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017-19. Reguleringsplanen vart vedteken av Stad kommune 12. mai 2020.

Prosjektet Fv61 Naveosen- Brubakken er «gryteklart» med vedteken reguleringsplan. Vi legg til grunn at prosjektet vert gjennomført i ny RTP for Vestland.

Andre fylkesveggar i Stad kommune

Vi syner til vedlagt samla oversikt over utfordringar på fylkesvegnettet i vår kommune, og eige innspel sendt frå Stad kommune til Vestland fylkeskommune i april 2020 om mulige mindre tiltak på fylkesvegnettet som kan gjennomførast raskt. Her peikte vi mellom anna på Fv 5746 Nordfjordeid-Torheim, Fv 5747 Haugen-Espe-Myrold og Fv 5753 Hoddevik.

På desse strekningane er det allereie utgreidd og tilrådd oppgraderingstiltak som kan gjerast relativt enkelt og rimeleg (rekkverk, grøftsprenging, møteplassar, veglys, kantforsterking mm). Generelt meiner vi at ein bør auke innsatsen på enkle, rimelege tiltak som siktrydding, rekkverk, møteplassar etc på heile fylkesvegnettet.

Vi vil også be om at det som eit strakstiltak kjem på plass trafikkstyring med lysregulering på Fv 631 Selje-Sandvik ved «Nova», like ovanfor Selje sentrum.

Vi vil peike på at det er eit langsiktig mål å få bygd ut Kystvegen Bergen-Ålesund som sambindingsveg langs kysten av Vestlandet. I vidare utgreiingar av Kystvegen, bør Vestland fylkeskommune utgreie tunnel frå Bryggja til Kjøde/Berstad som alternativ til dagens Fv61 over fjellet Bryggja-Åheim. Det vil gi kortare, raskare og sikrare løysing for Kystvegen – og internt i Stad kommune.

Skredsikring

Stad kommune meiner skredsikring må ha høg prioritet både i ny NTP og ny RTP. Dette handlar om grunnleggande tryggleik i kvardagen for dei som bur i rasutsette området.

Stad kommune vil særleg framhalde at **Fv 5744 Navelsakerstranda har høgast skredfaktor av alle fylkes- og riksveggar i Vestland fylke**, jmf nyleg utarbeidd oversikt over skredsikringsbehov på det nasjonale riks- og fylkesvegnettet (Statens Vegvesen, desember 2019). Fv5744 ligg på 3. plass på marginallista over rassikringsprosjekt i gjeldande RTP for Sogn og Fjordane, og den nye skredfaktorvurderinga frå SVV syner klart at vegen er i ei særklasse når det gjeld behov for rassikring. **Stad kommune krev ut frå dette at sikring av Fv5744 Navelsakerstranda med ny tunnel blir prioritert i ny RTP for Vestland innanfor temaet Skredsikring.**

Også Fv 5476 Torheimstranda må rassikrast. Vegen ligg på marginallista for skredsikring i RTP for Sogn og Fjordane 2018-2027, og er i SVV si nye oversikt over skredsikringsbehov på vegnettet sett med skredfaktorkategori «Høg». Det er også rasutsette punkt på Fv618, jmf eigen omtale av Fv 618.

Strategi for mjuke trafikantar: Gang- og sykkelveg, veglys med meir

Stad kommune har i likskap med Vestland fylkeskommune mål om null klimautslepp innan 2030. Å nå dette målet, krev mellom anna systematisk tilrettelegging for at så mykje som mulig av transport i kvardagen kan gjerast med sykkel og gange.

Ut frå dette ønskjer Stad kommune eit nært samarbeid med Vestland fylkeskommune for å sikre tilhøva for mjuke trafikantar langs fylkesvegnettet. **Vi vil be Vestland fylkeskommune prioritere samarbeid med Stad kommune om utbygging av gang- og sykkelveg i Selje og slutføring av gang- og sykkelvegutbygging langs fylkesvegen på Leikanger og Flatraket.** Det er viktig at dette samarbeidet startar raskt, på grunn av pågåande arbeid med reguleringsplanar for Selje sentrum og Leikanger, og føreståande kommunale utbyggingar av m a fjordvarme.

Det er også viktig å få sikra Fv 5747 for gåande og syklande på Stårheim og Haugen, og få bygd gang- og sykkelveg på strekningane Nordfjordeid-Os (Fv 5746) og Kviane-Nor (Fv 5745) .

Vi får også mange innspel frå innbyggjarar som etterlyser veglys langs fylkesveg-strekningar der det ikkje er realistisk med utbygging av gang- og sykkelveg i nær framtid. **Vi vil utfordre Vestland fylkeskommune til å samarbeide med Stad kommune om ein «veglyspakke»/spleiselag om veglys som kan omfatte både kommunale vegar og fylkesvegar – for å auke tryggleiken for mjuke trafikantar i bygder utanom dei største tettstadene.**

Berekraftig mobilitet: Grøn Transport og kollektivtransport

Kollektivtilbodet i Nordfjord er i dag dårleg og fragmentert – i all hovudsak avgrensa til skuleruter med buss og nokre få kommersielle ekspressbussruter. Det manglar ein heilskapleg plan for eit samla kollektivtilbod i Nordfjord som gjer det mulig for fleire å velje kollektivtrafikk i jobb og fritid.

Dette gjeld også internt i Stad kommune, der det i dag ikkje er eit tenleg kollektivtilbod mellom ytre og indre del av kommunen (Selje/Stadlandet og Nordfjordeid).

Stad kommune ynskjer å samarbeide med Vestland fylkeskommune, næringslivet og de andre kommunane i Nordfjord om ein samla strategi for framtidens grønne transport utan klimautslepp.

Vi ynskjer at det som del av RTP blir utarbeidd ein samla plan for eit tenleg, framtidsretta «stamrutenett» for kollektivtransport i Nordfjord – både mellom kommunesentra Stryn, Sandane, Nordfjordeid og Måløy – og mellom Nordfjordeid og Selje/Stadlandet. Vi trur også det ligg eit stort potensiale i å utvikle meir fleksible former for kollektivtilbod i og rundt tettstadene våre (bestillingsruter, «organisert samkøyring», på sikt førarlaus køyretøy i rute etc).

Vi meiner også det er nødvendig å lage ein samla strategi for framtidens grønne transport både på veg, sjø og luft i Nordfjord – som i tillegg til kollektivtrafikk, sykkel/gange og tettstadplanlegging omhandlar t d ladeinfrastruktur (både for bil og skip), berekraftig reiseliv, grøn sjøtransport etc.

Vi vil ta initiativ til eit samarbeid med Vestland fylkeskommune om dette, og syner her til prosjektplan for «Grøn Transport Nordfjord».

Hamner og sjøtransport – Stad Skipstunnel

Fylkeskommunane overtok i 2020 ansvaret for fiskerihamner frå staten. Fiskerinæringa er ei viktig næring i Stad kommune. Det er stor trong for betre hamneforhold for fiskeflåten i kommunen – samt god hamneinfrastruktur elles for å legge til rette for meir sjøtransport. Vi vil spele inn følgjande aktuelle prosjekt under arbeid der vi ønskjer samarbeid med Vestland fylkeskommune og omtale/ prioritering i Regional Transportplan:

- Ny fleirbrukshamn på Leikanger – med bruk av fyllmasser frå Stad Skipstunnel
- Ny fiskerihamn i Selje (Lestovika)

Vi syner også til pågåande arbeid med arealplan for sjøområda i Stad kommune med sikte på planvedtak etter sommaren 2020. Vi ønskjer vidare dialog med fylket om utvikling av hamner og sjøområde i Stad knytt til vedtak i denne planen.

Vi vil vidare peike på at Stad Skipstunnel opnar for nye passasjerruter og auka sjøtransport av gods mellom Trøndelag/Møre og Romsdal og Vestlandet sør for Stad. Vestland fylke har allereie utgreidd og lagt til rette i nye anbod forlenging av dagens hurtigbåtruter med sikte på samanhengande båtrote Bergen-Ålesund. **Når vedtak om bygging av Stad Skipstunnel no er gjort, må arbeidet med å få på plass hurtigbåtrute Bergen-Ålesund frå 2025/26 forserast og prioriterast av Vestland fylkeskommune.**

Vestland fylkeskommune må også samarbeide med dei andre fylka på Vestlandet, næringslivet og nasjonale styresmakter om å legge ein samla strategi for å få faste godsruoter og mest mogleg godstransport på sjø langs kysten av Vestlandet etter opninga av Stad Skipstunnel.